



### 3.0 Mistanke om vanskar knytt til konsentrasjon og merksemd

---

<p><b>Kva:</b> For at ein bevisst skal kunne styra tankane og handlingane sine krevs det evne til konsentrasjon, ein begrensing av merksemd. Ein må kunna avgrensa mengden sanseintrykk og tankeprosessar og ein må ha evne til å halde merksemda på ei hending tilstrekkeleg lenge. Ved fråvær av dette kan ein ha ei vanske.</p>	<p><b>Meir om:</b> Barn som har oppmerksomhetsvansker har vanskar med å vere så konsentrerte, uthaldande, arbeidsame og lyttande som ein kan forvente. Unntaket er dersom barnet holder på med aktivitetar som er fengjande og der barnet kan fordjupe seg intenst. det kan då vere vanskeleg å avslutte aktiviteten.</p> <p>Ein ser tydelegast vanskan i situasjonar der det er krav om å konsentrere seg over tid, og særleg når det er oppgåver barnet synes er einsformig eller kjedelig. Barnet har vanskar med å organisere, planlegge og setje igang med aktiviteten eller oppgåva og kan difor føre til at dei framstår som slurvete, gløymisk, uinteressert eller lat.</p> <p>Det omfattar og barn som er sosialt støyande, er uvanleg bråkande under leik eller snakker overdrivent mykje. Tempoet er ofte høgt, barnet er uroleg og kan vere "høgt og lågt". Dette ser ein særleg dersom barnet viser manglande interesse eller "kjeder seg".</p>
<p><b>Observasjon:</b> <a href="#">Skala for uro - barn/unge</a> <a href="#">Signal på manglende trivsel</a> <a href="#">Observasjonsskjema</a></p>	<p><b>Kartlegging:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- observasjon</li><li>- elevsamtale som metode; <a href="#">tips til samtale med barn</a></li><li>- <a href="#">"Felles system for kartleggingspraksis tidlegare Odda kommune"</a></li><li>- syn og høyrse</li><li>- <a href="#">sosiale og emosjonelle vanskar</a></li><li>- meistringsnivå hos barnet</li></ul>



## 3.0 Mistanke om vanskar knytt til konsentrasjon og merksemd

Konsentrasjon og merksemd omhandler evnen til å velge ut (selektere) stimuli og evnen til å holde fast på stimuli (konsentrasjon).

For at ein bevisst skal kunne styre sine tanker og handlingar kreves det evne til konsentrasjon, ein begrensning av oppmerksomheten. Ein må avgrense mengden sanseintrykk og tankeprosesser (selektere) og ein må ha evne til å holde på merksemda på ein hendelse tilstrekkelig lenge (konsentrere).

### 3.1 Tiltak:

Tidlig innsats er svært viktig i forhold til barn som har vanskar med konsentrasjon og merksemd. Med tidlig meiner ein så snart ein opplever vansker knytta til eit barnets atferd.

Tiltak skal iverksettast med utgangspunkt i dei observasjonar og/eller kartleggingane som er gjennomført og førast inn i skjemaet [plan for støttetiltak](#).

Tiltak og tilrettelegging kan skje på to nivå; systemnivå som rettar seg mot heile skular eller klassar, og på individnivå som rettar seg mot den einskilde elev sine behov.



## BTI - verktøy

### 3.1.1 Systemnivå;

rettar seg mot heile skular/ klassar ved mistanke om vanskar knytt til konsentrasjon og merksemd

#### **Vaksenrolla/ relasjon**

- autoritativ leiing
- relasjonsbygging
- ros og positive tilbakemeldingar

#### **Praktisk tilrettelegging**

- ryddig klasserom
- god plassering av pult
- moglegheit for fysisk aktivitet og rørsle undervegs
- dagsplan, gjerne med visualisering som gjev oversikt og struktur
- visuell støtte og bruk av konkretar
- variasjon i arbeidsmåtar (finn eleven si interesse og læringsstil)



## BTI - verktøy

### 3.1.2 Individnivå;

rettar seg mot den einaskilde elev sine behov ved mistanke om vanskar med konsentrasjon eller merksemd

#### **Vaksenrolla/ relasjon**

- korte, direkte beskjedar
- hjelpe eleven å sortera kva som er viktig

#### **Praktisk tilrettelegging**

- skjerma arbeidsplass ved behov
- visuell støtte og bruk av konkretar
- dela oppgåver i mindre einingar
- tydeleg start og slutt, ev. tidsur
- korte økter, pauser, belønning satt i system
- færre valmoglegheiter kan gjera det enklare å oppretthalde merksemda
- starthjelp - oppskrift for å komma i gang
- lag ei strategibok eller verktøyperm
- lag eit system som synleggjer framdrift, for eksempel gjennom avkryssing
- gje eleven ekstra tid
- ryddekort som viser kva eleven skal rydde
- bruk av TEACCH-metoden